

# To unge menn

Gunnlaug og Knausgård

Korleis angripe ei  
stiloppgåve?

## Det er tentamen, du har valt oppgåve, korleis bør du gå fram?

- Det første du bør gjøre, er å «dekonstruere» oppgåva du har fått utdelt. Det vil seie at du:
  1. Skriv alle oppdraga i oppgåva under kvarandre
  2. Strekar under verba i oppgåva, slik at du er sikker på at du har forstått kva ho ber deg om å gjere
  3. Finles oppgåvekommentaren. Kva legg han vekt på som du må legge merke til? Kjem det nokon nye opplysningar inn her?

# Kva vil oppgåva at eg skal gjere?

## Samanlikne verdjar (kva i all verda tyder det?)

- Tema
- Motiv
- Handling
- Ære? Skam? Hevn?

## **Innhaldet i teksten.**

## Samanlikne fortellermåtar (kva i all verda tyder det?)

- Dette er rett og slett måten teksten er skriven på.
- Synsvinkel
- Språket – Korleis er setningane?
- Referat, scene, miljø- og personskildring.

Og eg må hugse verkemiddel og fagomgrep når eg skriv om forteljarmåtane

# Trinn 2: Lesing

- Start med å lese utdraget frå *Min kamp* grundig, minst tre gongar. Etter kvar gang du har lese teksten, skriv du ned tankane dine om kva teksten handlar om.
- No er du ferdig med det fyrste vedlegget. Gjer det same med det andre vedlegget. Men sidan du kjenner sagaen, held det å lese to gongar.

# Samanlikning

- No skal du innta samanlikningsperspektivet. Ofte kan det vere lurt å tenke:
  - Kvifor har akkurat desse to tekstane blitt sette saman?
  - Kva bør eg legge merke til?
  - Er det nokre viktige likskapar og skilnadar i motiv og tema?
- **Diskuter i firargrupper: Har de lagt vekt på det same?**
- Korleis kan du vise *kunnskapar* slik at det ikkje berre blir attforteljing av det tekstane handlar om?
- **Tips:** Syn kunnskapar om tida tekstane er skrivne i. Korleis viser den skjønnlitterære teksten det som er typisk for henholdsvis år 1000 og 2000?

Verdier/innhald i dei to tekstane – kva har de lagt merke til?

**Min kamp**

**Gunnlaug Ormstunge**

# Altså...

- **Me har:**

1. lese tekst 1 grundig og forstått kva han handlar om.
2. lese tekst 2 grundig og forstått kva han handlar om.
3. samanlikna tekstane og skjønt *kva* temaet er og kva me bør leggje vekt på i samanlikninga av tematikken.
4. Då er neste steg å nærlese for å finne ut av *korleis* temaet blir formidla – altså: Kva for *forteljarmåtar* nyttar forfattaren?
5. Etter dette skal du setje i gong med skrivinga



# Nærlesing

- No skal du nærlese *Min kamp*. Vi prøver fyrst utan å gå gjennom noko teori. Bruk kunnskapane du har frå før om synsvinkel, personskildring, måtar å fortelje historia på.
- *Vanskegrad 1: Nærles sjølv utan hjelpemiddel.*
- *Vanskegrad 2: Spør om hjelpear.*
  
- Så gjer du det same med *Gunnlaug Ormstunge*.

# Forteljarmåtar

**Min kamp**

**Gunnlaug Ormstunge**

**Korleis kan du vise at dei er produkt av si tid?**

# Sjølve skriveprosessen – i kva for rekkefølge?

Du vel sjølvsagt sjølv i kva for rekkefølge du skriv tekstane dine. Men her skal me bruke denne metoden:

1. Hovuddel
2. Innleiing
3. Avslutning
4. Overskrift

Oppsummert: Kva for moment kan du ha med i teksten du skal levere?

## Innleiing

Motiv

Tema

Samanlikning av gutane

Samanlikning av fedrane

Tekst i kontekst – skriv om perioden.

Synsvinkel

Personskildring

Scene/referat skildring

## Avslutning

Verdiar/innhald

Forteljarmåtar

# Korleis bygge opp avsnitt der ein samanliknar tekstar? Vanskegrad 1: Om motivet

Motivet i dei to tekstane liknar kvarandre. Begge handlar om kva for forhold hovudpersonen har til byen. I *Maktens vrede* viser utdraget ein eg-forteljar, Peter, som har positive følelser for byen. Han kjenner seg «sugd mot det urbane». Del 1 av teksten handler om desse kjenslene heile vegen. I den siste delen endrar dette seg. Då formidlar han meir ambivalente følelser, til dømes med ord som «grå massen». Utdraget frå romanen *Liksomverden*, derimot, viser ein hovudperson som ikkje kjenner seg heime i byen. Her er det ingen ambivalente følelser. I starten presenterer forteljaren miljøet med fraser som «byens frekke øyne» og «blokkenes grimaser». Slik held teksten fram heile vegen, og til slutt forsvinn Katja inn i den skremmande blokka. Ein kan altså seie at ein viktig likskap mellom tekstane er at handlinga tar for seg følelsene for byen, medan ein viktig ulikskap er nettopp korleis desse følelsene er.

**Tema- og kommentar-setning med fagomgrep**

**Motivet i tekst 1**

**Overgang frå tekst 1 til tekst 2.**

**Motivet i tekst 2**

Avsluttar elegant med å oppsummere innhaldet i avsnittet og knyte det opp mot oppgåveteksten

# Den magiske avslutninga på avsnittet

Motivet i dei to tekstane liknar kvarandre. Begge handlar om kva for forhold hovudpersonen har til byen. I *Maktens vrede* viser utdraget ein eg-forteljar, Peter, som har positive følelser for byen. Han kjenner seg «sugd mot det urbane». Stemninga forandrar seg noko i den siste delen. Då formidlar han meir ambivalente følelser med ord som «grå massen». Utdraget frå romanen *Liksomverden*, derimot, viser ein hovudperson som ikkje kjenner seg heime i byen. Her er det ingen ambivalente følelser. I starten presenterer forteljaren miljøet med fraser som «byens frekke øyne» og «blokkenes grimaser». Slik held teksten fram heile vegen, og heilt til slutt forsvinn Katja inn i den skremmande blokka.

**Her ser du det same avsnittet som i stad, men utan den siste setninga.**

# Den magiske avslutninga på avsnittet

Motivet i dei to tekstane liknar kvarandre. Begge handlar om kva for forhold hovudpersonen har til byen. I *Maktens vrede* viser utdraget ein eg-forteljar, Peter, som har positive følelser for byen. Han kjenner seg «sugd mot det urbane». Stemninga forandrar seg noko i den siste delen. Då formidlar han meir ambivalente følelser med ord som «grå massen». Utdraget frå romanen *Liksomverden*, derimot, viser ein hovudperson som ikkje kjenner seg heime i byen. Her er det ingen ambivalente følelser. I starten presenterer forteljaren miljøet med fraser som «byens frekke øyne» og «blokkenes grimaser». Slik held teksten fram heile vegen, og heilt til slutt forsvinn Katja inn i den skremmande blokka. Ein kan altså seie at ein viktig likskap mellom tekstane er at handlinga tar for seg følelsene for byen, medan ein viktig ulikskap er nettopp korleis desse følelsene er.

**Kvifor er dette eit mykje betre avsnitt?**

# Å svare godt på akkurat det oppgåva spør om

Oppgåva ber deg om å samanlikne tekstane

Når du avsluttar avsnittet slik, svarar du på akkurat det oppgåva spør om.

```
graph LR; A[Oppgåva ber deg om å samanlikne tekstane] --> B[«Ein kan altså seie at ein viktig likskap mellom tekstane er at handlinga tar for seg følelsene for byen, medan ein viktig ulikskap er nettopp korleis desse følelsene er.»]; B --> C[Når du avsluttar avsnittet slik, svarar du på akkurat det oppgåva spør om.]
```

«Ein kan altså seie at ein viktig likskap mellom tekstane er at handlinga tar for seg følelsene for byen, medan ein viktig ulikskap er nettopp *korleis* desse følelsene er.»



# Samskrive!

- No skal vi prøve oss på samskriving.
- Vi skal skrive eit avsnitt om det de meiner er tema i dei to tekstane.
- Vi skal vere fire i kvar gruppe.
- Men før vi skriv, må de diskutere på gruppa:
- *Kva meiner de er tema i dei to tekstane?*
- *Er det både likskapar og skilnadar i tematikken?*
- *Kan de finne to-tre setningar som de synst får fram temaet godt?*

Samanlikning av tekstane – kva meiner de er viktig?

# Samskriving, ikkje kaoskriving

- Rolle 1: Skal skrive temasetning og overgangssetning mellom dei to avsnitta.
- Rolle 2: Skal skrive om temaet i Min kamp. Hugs sitat!
- Rolle 3: Skal skrive om temaet i Gunnlaug Ormstunge. Hugs sitat!
- Rolle 4: Skal skrive den oppsummerande avslutninga som knyt avsnittet opp mot oppgåvelyden.

Bruk google docs eller andre samskrivingsdokument de kjenner til.

# Kva er skilnaden?

I diktet finnes det noen ord som er verdiladde. Mange ord i diktet får en positiv eller negativ klang fordi grunnstemningen i diktet "smitter" over på dem. Jeg-et i Nilsens dikt elsker bylivet. hjertet hans "slår frydefullt" ved lyden av posthusklokka. Bylydene gjør at han kjenner at han "ikke er forlatt". Vi oppfatter ganske røffe bilder som "gård av jernbetong", "bilers brøl" og "trikkers hvin" positivt. Et uttrykk som "landlig fred" får en nesten spydig klang. Ordene er sterkt negativt ladde og sørger for at hele diktet får en negativ klang. Byen framstilles som et dårlig sted å være.

I diktet finnes det noen ord som er verdiladde, men disse får en positiv eller negativ klang fordi grunnstemningen i diktet "smitter" over på dem. Det er nemlig slik at Jeg-et i Nilsens dikt elsker bylivet. For eksempel slår hjertet hans «frydefullt" ved lyden av posthusklokka. Årsaken er at bylydene gjør at han kjenner at han "ikke er forlatt". I tillegg oppfatter vi ganske røffe bilder som "gård av jernbetong", "bilers brøl" og "trikkers hvin" positivt, mens et uttrykk som "landlig fred" får en nesten spydig klang. Alt i alt er ordene sterkt negativt ladde og sørger for at hele diktet får en negativ klang. Slik framstilles byen som et dårlig sted å være.

# Kva er skilnaden?

I diktet finnes det noen ord som er verdiladde. Mange ord i diktet får en positiv eller negativ klang fordi grunnstemningen i diktet "smitter" over på dem. Jeg-et i Nilsens dikt elsker bylivet. hjertet hans "slår frydefullt" ved lyden av posthusklokka. Bylydene gjør at han kjenner at han "ikke er forlatt". Vi oppfatter ganske røffe bilder som "gård av jernbetong", "bilers brøl" og "trikkens hvin" positivt. Et uttrykk som "landlig fred" får en nesten spydig klang. Ordene er sterkt negativt ladde og sørger for at hele diktet får en negativ klang. Byen framstilles som et dårlig sted å være.

I diktet finnes det noen ord som er verdiladde, **men disse** får en positiv eller negativ klang fordi grunnstemningen i diktet "smitter" over på dem. **Det er nemlig slik at** Jeg-et i Nilsens dikt elsker bylivet. **For eksempel** slår hjertet hans «frydefullt" ved lyden av posthusklokka. **Årsaken er at** bylydene gjør at han kjenner at han "ikke er forlatt". **I tillegg** oppfatter vi ganske røffe bilder som "gård av jernbetong", "bilers brøl" og "trikkens hvin" positivt, **mens** et uttrykk som "landlig fred" får en nesten spydig klang. **Alt i alt** er ordene sterkt negativt ladde og sørger for at hele diktet får en negativ klang. Slik framstilles byen som et dårlig sted å være.

# Gode tekstbindarar

## Bindarar som uttrykker motsetningar

- i motsetning til ...
- I kontrast til ...
- eit heilt anna perspektiv
- ein annan innfallsvinkel
- medan (Medan han skriv moderne, skriv ho tradisjonelt.)
- Derimot
- På den andre sida
- ...

## Bindarar som uttrykker likskap

- i likskap med..
- Felles for tekstane er ...
- (Men) begge ...
- Det same ser vi i ...
- Også i *Gunnlaug*...
- Ein fellesnemnar for tekstane er ...
- Gjennomgåande i begge tekstane er ...

## Nøytrale tekstbindarar

- vidare
- i tillegg
- dessutan
- dermed
- på denne måten
- likevel
- altså (Knausgård skriv altså ...)
- Blant anna,
- Til dømes
- Med dette ...

Kva for moment kan vi legge vekt på når vi skal samanlikne verdiar/innhald?

Forslag 1: Samanlikning av farsfigurane.

Forslag 2: Samanlikne eg-personane.

Forslag 3: Samanlikne korleis verdisynet anno 1000 og 2000 kjem til syne i teksten.

# Vi forsøker oss på å samanlikne eg-personane:

- Diskuter på gruppa: Kva for moment vil de leggje vekt på? Sjå til dømes etter dette?
- Korleis vil du karakterisere Gunnlaug? Korleis kan vi seie at han er ein typisk sagahelt? Bruk gjerne nokre av omgrepa de lærte når me hadde om norrøn litteratur. (ære, ætt, æretørst osv...)
- Korleis vil du karakterisere Karl Ove? Kvifor kunne han aldri ha vore ein sagahelt, slik han blir framstilt her?
- Hugs: Peik på likskapar (er det nokon?) og ulikskapar.



# Gunnlaug og Karl Ove

**Personkarakteristikk Gunnlaug**

**Personkarakteristikk Karl Ove**

# Døme på avsnitt om verdier: Vanskegrad 2

Hovudpersonane i begge novellene er altså to gamle menn. Men medan Arne er ein audmjuk og snill mann, er Kåre det motsette. Han kan vi karakterisere som ein god gamaldags «grinebitar». Gjennomgåande i novella framstår han som ein som ikkje vil ha kontakt med folk. Til dømes tenker han det same om alle han ser: «for eit ekkelt vesen». Også når han møter den alltid-blide Mona svarar han surt på helsinga hennar: «hald kjeften». Eit heilt anna syn på verda møter me gjennom auga til Trygve, som også er eg-forteljaren i novella. Då han møter nokre frekke tenåringar, smiler han og seier «for ein strålande dag!». Også all anna motstand møter han med smil. Årsaka er nok at novella «Kraft» tematiserer synet me har på dei eldre i samfunnet. Hovudpersonen Kåre skal vise at dei eldre ofte blir møtt med fordømmar. I «Svenske tilstandar», derimot, er temaet fordømmane me møter andre kulturar med. Dermed blir Trygve ein typisk representant for nordmannen. Slik brukar forfattarane hovudpersonane til å få fram budskapen sin.

**Temasetning –  
kort og presis**

**Kommentar-  
setningar**

**Bevis frå  
teksten - sitat**

**Overgang  
mellom  
tekstane**

Det understreka:  
**Funksjon.** Kvifor er  
personane slik?

# Tips

- Du kan bygge opp avsnittet slik som vist.
- Men avsnittet er kanskje litt kort?
- Dersom du synest avsnittet ditt blir for langt, så del opp i to:
  1. Eit avsnitt om Gunnlaug
  2. Eit avsnitt om Knausgård.
- Hugs at du i det andre avsnittet må samanlikne slik at du svarar på oppgåva:
  - I likskap med Gunnlaug...
  - I kontrast til Gunnlaug...
  - Medan Gunnlaug er... er Karl Ove...

# Kva bør du skrive om når du skal samanlikne forteljarmåtar?

Synsvinkel	Personskildring	Scene, referat, skildring

# Vanskegrad 3: Avsnitt om forteljarmåtar

«Presten» blir fortalt av ein autoral refererande forteljar. Me kjem aldri inn i tankane til verken presten eller Tord. Men me kan tenke oss til kva dei tenker og føler ved å sjå på handlingane og replikkane deira. Tord framstår sjølv sikker i replikkane. Blant anna seier han at «Presten må nok bøye seg nå», noko som tyder på at han er heilt utan skruplar. Men skildringa av kroppsspråket hans viser at sanninga kanskje er ei anna? For «handa famlar forsiktig» og «munnvika» skjelv. Kanskje er ikke Tord så tøff som han prøver å gi inntrykk av? Denne konflikten mellom kroppsspråk og tankar viser at det nok er vanskelegare for hovudpersonen å ta avgjersla enn han ønsker å vise. Forfatteren lar den indirekte personskildringa avsløre kjenslene og tankane hans.

Korleis skriv forfatteren?

Kvifor skriv han slik?

Temasetning

Kommentarsetningar

Bevis – sitat frå teksten.

Funksjon

## Nytt avsnitt: **Samanlikningsfrasar**

**Mens forteljaren i «Faderen» står utanfor historia, ligg perspektivet i «Namnlaus» hos eg-forteljaren.** Vi får slik full tilgang til tankane og kjenslene hans. Dermed er vi aldri i tvil om kva han synest om den vanskelge avgjersla han har framfor seg. Han spør seg sjølv fleire gongar «korleis skal eg klare det?». **Og i motsetning til Tord** viser både tankane, handlingane og replikkane til Trygve at han misliker å avvise venane sine. Da Peter ber han venleg om å vente, svarar, og tenker, han: «Det er ein god ide». Synsvinkelen har altså den funksjonen at leseren får full tilgang til kjenslene til hovudpersonen. **Dette er ein kontrast til «Presten»** kor vi må leggje merke til små detaljar ved hovudpersonen for å avsløre han.

# Noko å tenke over før du leverer

- Har du laga ein god overskrift? «Samanlikning mellom to tekstar» eller «Samanlikning mellom *Min kamp* og *Sagaen om Gunnlaug Ormstunge*» seier jo for så vidt kva du skal gjere, men det er veldig keisamt. Kan du lage ei overskrift som er original, men samtidig reflekterer tematikken?
- Titlar på romanar (og sagaer) skal i kursiv. Har du hugsa det gjennom heile teksten?